



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Formannskap

Møtested:	Formannskapssalen, 3.etg., Rådhus
Møtedato:	28.11.2013
Tidspunkt:	14:30 - 20:00

Til behandling: **Saksliste nr. 100/13 - 109/13**

Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
FRP - Hogne Bleie (Medlem)
SP - Asgeir Solheim (Medlem)
V - Marit Sætren (Medlem)
KRF - Dag Almenning (Medlem)
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Av 9 medlemmer møtte: 9. Totalt frammøtte: 9

Fra administrasjonen møtte: konst. rådmann Tone Holvik, konst. kommunalsjef Jeanette Jensen, økonomisjef Norvall Bakke, økonomikonsulent Per Jarle Mathisen.

Representanten Kristin Maurstad fikk permisjon og fratrådte møtet kl. 19:50 etter behandling av sak 104/13.

Måløy 28.11.2013

Morten A. Hagen
Ordfører

Linda A. Myhre Larsen
tjenesteleder Service

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
100/13	Godkjenning av møteprotokoll	
101/13	Referatsaker	
102/13	Organisering av drift Nordfjordhallen og Samfunnshallen	
103/13	Konsesjon gbnr. 131/6	
104/13	Økonomiplan 2014 - 2017 og årsbudsjett 2014 Del 2 Handlingsdelen til kommuneplanen 2014 - 2017	
105/13	Høyring skiltfornyng Bremangersambandet	
106/13	Utbygging Raudeberg Vannverk	
107/13	Gebyrforskrift 2014 - NOMIL	
108/13	Forskrift om vann og avløpsgebyr i Vågsøy kommune	
109/13	Standard abonnementsvilkår for vann og avløp	

Ordfører orienterte om endringer i behandlingsrekkefølgen av sakene:

Sak 104/13 «Økonomiplan 2014 - 2017 og årsbudsjett 2014 Del 2 Handlingsdelen til kommuneplanen 2014 – 2017» behandles som nest siste sak i møtet.

Sak 105/13 «Høyring skiltfornyng Bremangersambandet» utgår. Saken hører til i Planutvalget og behandling av saken er flyttet til møte i Planutvalget 28.11.2013.

Sak 106/13 «Utbygging Raudeberg Vannverk» behandles som siste sak i møtet.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	28.11.2013	100/13

Endelig vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 13/1671	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	--------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

28.11.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-100/13

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 21.11.2013 er utsendt tidligere.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	28.11.2013	101/13

Endelig vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 13/1670	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
------------------------------------	-------------------------	-----------------------------------

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

28.11.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-101/13

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

1. Orientering om kommunens økonomiske situasjon.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	26.11.2013	066/13
Formannskap	28.11.2013	102/13
Kommunestyre	12.12.2013	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 12/1242	Saksansvarleg: Odd Gunnar Myhre
---	--------------------------------	---

Organisering av drift Nordfjordhallen og Samfunnshallen

Rådmannen si innstilling

For å oppfylle aksjelovas krav og for å sikre ei god drift av selskapet Nordfjordhallen drift AS vedtar kommunestyret i Vågsøy følgjande tiltak:

Samarbeid

- Tenesteleiar kultur og tenesteleiar for eigedomsavdelinga har møterett på styremøte for å få eit tettare samarbeid mellom eigar og driftselskap.
- Det skal rapporterast minimum ein gong pr. halvår til formannskapet av styreleiar og /eller dagleg leiar.

Eigenkapital

- Lån frå 2010 med restsaldo på 220 000 kroner vert konvertert til tilskot.
- Vågsøy kommune tilfører selskapet 330 000 kroner for å tilfredsstille aksjelovens vilkår. Ny aksjekapital blir på 250 000 kroner. Tilskotet blir over ramme på kultur.

Investering

- Administrasjonen utarbeidar rutinar for innmelding av investeringsbehov.

Drift (vedlikehald/reinhald)

- Det vert sett av 250 000 kroner på eigedomsavdelinga sitt budsjett til vedlikehald av Nordfjordhallen. Eigedomsavdelinga blir styrka med kroner 150 000.
- Det vert setta av 200 000 kroner i tilskot i 2014 til Nordfjordhallen. Vidare tilskot må Nordfjordhallen søkje på i Vågsøy kommune sin budsjettprosess.
- Nordfjordhallen drift leiger reinhald av eigedomsavdelinga.
- Administrasjonen utarbeidar avtale mellom Vågsøy kommune og Nordfjordhallen drift som regulerer ansvaret for vedlikehald.
- Administrasjonen ser på om det er mogleg å gjere innsparingar ved å la Nordfjordhallen drift bruke den kommunale innkjøpsordninga dersom det er mogleg/loveleg.
- Eventuelt overskot i selskapet skal vere eigenkapital til investeringar.
- Overskot over 200 000 kroner skal tilbakeførast til kommunen.
- Styret i Nordfjordhallen drift reduserast til 5 faste medlemmar og 2 varamedlemmar.

26.11.2013 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Konst. rådmann Tone Holvik orienterte, og svarte på spørsmål fra Oppvekst- og kulturutvalget.

FRP v/repr. Kåre Eide fremmet følgende forslag til nytt vedtak:

«Nordfjordhallen AS avvikles og drift av Nordfjordhallen legges under Kultursektoren i Vågsøy kommune».

SP v/repr. Marit Nore Sørhaug fremmet følgende merknad til rådmannens forslag:

«Vågsøy kommune bør starte reforhandlingar med fylkeskommuna om vidare driftsavtale av Nordfjordhallen.»

Votering

Rådmannens innstilling ble votert alternativt opp mot repr. Eide sitt forslag til nytt vedtak.

Rådmannens innstilling ble vedtatt mot 1 stemme.

Det ble deretter votert over rådmannens innstilling inkludert merknad fra repr. Sørhaug. Dette ble vedtatt mot 1 stemme.

OK-066/13

Vedtak:

For å oppfylle aksjelovas krav og for å sikre ei god drift av selskapet Nordfjordhallen drift AS vedtar kommunestyret i Vågsøy følgjande tiltak:

Samarbeid

- Tenesteleiar kultur og tenesteleiar for eigedomsavdelinga har møterett på styremøte for å få eit tettare samarbeid mellom eigar og driftselskap.
- Det skal rapporterast minimun ein gong pr. halvår til formannskapet av styreleiar og /eller dagleg leiar.

Eigenkapital

- Lån frå 2010 med restsaldo på 220 000 kroner vert konvertert til tilskot.
- Vågsøy kommune tilfører selskapet 330 000 kroner for å tilfredsstille aksjelovens vilkår. Ny aksjekapital blir på 250 000 kroner. Tilskotet blir over ramme på kultur.

Investering

- Administrasjonen utarbeidar rutinar for innmelding av investeringsbehov.

Drift (vedlikehald/reinhald)

- Det vert sett av 250 000 kroner på eigedomsavdelinga sitt budsjett til vedlikehald av Nordfjordhallen. Eigedomsavdelinga blir styrka med kroner 150 000.
- Det vert setta av 200 000 kroner i tilskot i 2014 til Nordfjordhallen. Vidare tilskot må Nordfjordhallen søkje på i Vågsøy kommune sin budsjettprosess.
- Nordfjordhallen drift leiger reinhald av eigedomsavdelinga.
- Administrasjonen utarbeidar avtale mellom Vågsøy kommune og Nordfjordhallen drift som regulerer ansvaret for vedlikehald.
- Administrasjonen ser på om det er mogleg å gjere innsparingar ved å la Nordfjordhallen drift bruke den kommunale innkjøpsordninga dersom det er mogleg/loveleg.
- Eventuelt overskot i selskapet skal vere eigenkapital til investeringar.
- Overskot over 200 000 kroner skal tilbakeførast til kommunen.
- Styret i Nordfjordhallen drift reduserast til 5 faste medlemmar og 2 varamedlemmar.

Merknad fra Oppvekst- og kulturutvalget:

Vågsøy kommune bør starte reforhandlingar med fylkeskommuna om vidare driftsavtale av Nordfjordhallen

28.11.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Ordfører Morten A. Hagen og konst. rådmann Tone Holvik orienterte om saken. Formannskapet diskuterte saken.

FrP v/repr. Hogne Bleie fremmet følgende tilleggspunkt til punktet «Samarbeid»:

«Det skal rapporterast minimum ein gong pr. kvartal til formannskapet av styreleiar og/eller dagleg leiar.»

Et samla formannskap ønsket følgende tillegg i innstilling til vedtak:

«Det forutsettes at det finnes dekning i økonomiplanen 2014-2017.»

Votering

Formannskapet voterte først over tilleggspunkt fra Frp. Dette ble enstemmig vedtatt.

Formannskapet voterte deretter over tilleggspunktet fra et samla formannskap. Dette ble enstemmig vedtatt.

Formannskapet voterte til slutt over hele vedtaket fra oppvekst- og kulturutvalget med tilleggspunkt fra FrP og et samla formannskap. Dette ble enstemmig vedtatt.

F-102/13

Vedtak:

For å oppfylle aksjelovas krav og for å sikre ei god drift av selskapet Nordfjordhallen drift AS vedtar kommunestyret i Vågsøy følgjande tiltak:

Samarbeid

- Tenesteleiar kultur og tenesteleiar for egedomsavdelinga har møterett på styremøte for å få eit tettare samarbeid mellom eigar og driftselskap.
- Det skal rapporterast minimum ein gong pr. halvår til formannskapet av styreleiar og /eller dagleg leiar.
- Det skal rapporterast minimum en gong pr. kvartal til formannskapet av styreleiar og/eller dagleg leiar.

Eigenkapital

- Lån frå 2010 med restsaldo på 220 000 kroner vert konvertert til tilskot.
- Vågsøy kommune tilfører selskapet 330 000 kroner for å tilfredsstille aksjelovens vilkår. Ny aksjekapital blir på 250 000 kroner. Tilskotet blir over ramme på kultur.

Investering

- Administrasjonen utarbeidar rutinar for innmelding av investeringsbehov.

Drift (vedlikehald/reinhald)

- Det vert sett av 250 000 kroner på egedomsavdelinga sitt budsjett til vedlikehald av Nordfjordhallen. Egedomsavdelinga blir styrka med kroner 150 000.
- Det vert setta av 200 000 kroner i tilskot i 2014 til Nordfjordhallen. Vidare tilskot må Nordfjordhallen søkje på i Vågsøy kommune sin budsjettprosess.
- Nordfjordhallen drift leiger reinhald av egedomsavdelinga.
- Administrasjonen utarbeidar avtale mellom Vågsøy kommune og Nordfjordhallen drift som regulerer ansvaret for vedlikehald.

- Administrasjonen ser på om det er mogleg å gjere innsparingar ved å la Nordfjordhallen drift bruke den kommunale innkjøpsordninga dersom det er mogleg/loveleg.
- Eventuelt overskot i selskapet skal vere eigenkapital til investeringar.
- Overskot over 200 000 kroner skal tilbakeførast til kommunen.
- Styret i Nordfjordhallen drift reduserast til 5 faste medlemmar og 2 varamedlemmar.

Det forutsettes at det finnes dekning i økonomiplanen 2014-2017.

Merknad fra Oppvekst- og kulturutvalget:

Vågsøy kommune bør starte reforhandlingar med fylkeskommuna om vidare driftsavtale av Nordfjordhallen.

Bakgrunn for saka

Drifta av Nordfjordhallen og Samfunnshallen vart i 2001 lagt til det kommunale driftsselskapet Nordfjordhallen drift as (heretter ND). Det har sidan etablering i 2001 ikkje vore gjennomført evaluering av organisering av drifta. Selskapet har dei siste åra hatt negativt driftsresultat. I samband med budsjettvedtak i desember 2012 ville kommunestyret at det skulle fremjast ei sak der organisering av drift av Nordfjordhallen og Samfunnshallen vart vurdert.

Sak om vidare drift (sak 12/1242) var oppe i Oppvekst- og kulturutvalet 29.01.2013. og i formannskapet 31.01.2013. I innstillinga til rådmannen var det forslag om å avvikle driftsselskapet og legge drift av Samfunnshallen og Nordfjordhallen under kulturavdelinga og drift av bygget under eigedomsavdelinga. I formannskapet vart det gjort følgjande vedtak:

«Formannskapet har som intensjon at ND skal halde fram med drifta av Nordfjordhallen. Formannskapet ber om at det vert kalla inn til ekstraordinær generalforsamling snarast. Styret for ND må her legge fram plan for framtidig drift og økonomiplan.»

På generalforsamling 5. september i år var formålet å legge fram strategiplan samt orientere om den økonomiske statusen for selskapet. I referatet står det også mellom anna:

«Fra styreleder ble det anmodet at man også nå må få klare føringer fra eier om hvordan man ser for seg videre drift, hvilket mandat man fra eiers side vil gi styret, og hvordan man fra eiers side ser for seg videre utvikling av selskapet og anlegget.»

Saksopplysningar / fakta

Anlegget:

Grunnflata i Samfunnshallen er på 1 800 kvadratmeter og grunnflata i Nordfjordhallen er på 6 500 kvadratmeter. Nordfjordhallen består av mellom anna kunstgrasbane, fleirbrukshall, skytebane, klatrevegg, garderobe, treningsrom og løpebane. Samfunnshallen består av mellom anna kultursal, scene, kantine og garderobe.

Det er omlag 60 000 besøkjande årleg i anlegget. Fotballhallen er godt brukt i vekedagane, men har noko ledig kapasitet i helgane. Fleirbrukshallen har noko ledig kapasitet både på vekedagar og i helger. Samfunnshallen har mykje ledig kapasitet på kvardagar.

Selskapet:

ND vart etablert i 2001 som eit heileigd kommunalt aksjeselskap for å stå for drifta av Nordfjordhallen og Samfunnshallen. Aksjekapital vart sett til kroner 500.000. Formannskapet i Vågsøy kommune er selskapets generalforsamling. Selskapet har et styre på 7 representantar

med 2 vararepresentantar. Styret møtast 4-5 gongar i året, der budsjett og økonomiske resultat er sentrale tema.

Dagleg leiar i 100 % stilling driv det totale administrative arbeidet for selskapet som planlegging, «booking», utleige, fakturahandsaming, reklame, personal og liknande. Vaktmeister i 50 % stilling har ansvar for at bygg er operative til ei kvar tid, og ansvar for oppvarming og vedlikehald. To reinhaldarar, med ein total stillingsprosent på 140 %, har ansvar for reinhald av bygg. Det vert og leigd inn 20 prosent reinhald frå eigedomsavdelinga. Ekstrahjelp vert sett inn når det trengs, det kan være teknikarar til arrangement eller hjelp ved reparasjon og vedlikehald av bygningsmasse.

Om økonomien i selskapet:

ND har sida etableringa i 2001 hatt ein utfordrande økonomi. Det er lagt ved ei samleoversikt over driftsresultat for perioden 2001 – 2011. Selskapet har hatt negativt årsresultat alle år med unntak av 2004 og 2008. Det negative driftsresultatet har auka dei siste åra, og regnskapet for 2011 viste et negativt resultat på 294.000 kroner. I desse åra har selskapet betalt husleige til Vågsøy kommune på mellom 250.000 – 350.000 kroner pr. år.

For å styrkje kapitalen i selskapet vart det i 2010 gitt eit rentefritt lån på 250.000 kroner. Lånet hadde ei løpetid på 5 år der dei 2 fyrste åra var avdragsfrie. Kommunestyret sette som føresetnad for lånet at selskapet skulle utarbeide «strategisk plan» for vidare utvikling og drift av selskapet. Kommunen fekk ei foreløpig plan frå dåverande styreleiar i mai 2010, men har ikkje motteke vidare planar etter dette før på generalforsamlinga i september 2013.

I 2012 var det budsjettert med ei husleige på 300.000 kroner, men Kommunestyret vedtok seinare at husleiga skulle settast til null. Det vart og gitt eit tilskot til selskapet i 2012 på 250.000 kroner. Dersom kommunen ikkje hadde sett i gong desse tiltaka ville ikkje selskapet hatt grunnlag for vidare drift i 2012, då eigenkapitalen i selskapet var tapt. Her vises det til utredning i vedlagt brev frå styret i ND ved styreleder som var sendt til kommunen 12. november 2012. I brevet orienterast eigar om at selskapet ikkje har grunnlag for vidare drift utan at eigar skyt inn frisk eigenkapital.

ND hadde eit negativt driftsresultat i 2012 på 216.000 kroner. Dette etter at husleige vart sett i null, og ekstraordinært tilskot frå kommunen på 250.000 kroner. Utan desse tiltaka ville resultatet for 2012 vore på minus 766.000 kroner. Tar ein med dei 202 000 kr som eigedomsavdelinga utførte vedlikehald for i 2012 er vi oppe i 968 000 kroner.

Selskapets egenkapital er tapt, og det ble i generalforsamlinga i september nok en gang signalisert fra styret at eier må trå inn med kapital for å tilfredsstille aksjelovens vilkår. Pr. i dag er behovet om lag 550.000 kroner for at egenkapitalen skal bringes tilbake til kroner 250.000 (halvparten).

Samfunnshallen vart bygd i 1978, det vart utført utbetringar i 2006/2007. Nordfjordhallen vart ferdigstilt i 2001. Det er relativt store utfordringar knytt til trong for vedlikehald. I vedlagt dokument er det skissert trong for vedlikehald og ynskja investeringar for om lag 15.000.000 kroner. Mellom anna er kunstgraset i fotballhallen utslitt, og eksisterande varmeanlegg svært dårleg.

I følgje avtalen mellom Vågsøy kommune og ND er det driftselskapet som skal stå for alt vedlikehald. Vågsøy kommune v/ eigedomsavdelinga har i alle år likevel sett av midlar i sitt budsjett til vedlikehald. Budsjett for vedlikehald har variert frå 70 000 -100 000 kroner pr. år. For 2012 vart vedlikehaldsutgiftene høgare då ein måtte gjere større utskiftingar i kantine/kjøkken. Eigedomsavdelinga hadde utgifter på vedlikehald i Nordfjordhallen på 128 000 i 2011 og 202 000 kroner i 2012. I 2013 er det så langt utgifter på om lag 150 000 kroner.

Arbeidet med ny kontrakt med fylkeskommunen må startast opp. Gjeldande avtale går ut i 2016.

Vurdering / konsekvensar

Det har vore arbeidd i ei prosjektgruppe for finne gode løysningar. Desse har vore med:
Styreleiar i Nordfjordhallen drift, Paul Inge Angelshaug
Dagleg leiar i Nordfjordhallen drift, Ronny Silden Totland
Tenesteleiar for eigedomsavdelinga, Frode Weltzien
Økonomikonsulent, Per Jarle Mathisen
Tenesteleiar kultur, Odd Gunnar Myhre

Det er politisk vilje til å hald fram med drifta som eit eige driftselskap. Det er behov for ei avklaring på kva som skal vere ND sitt ansvar og kva som er kommunen sitt ansvar. Vi må finne ei organisering gjev godt grunnlag for eit fornuftig aktivitetsnivå i anlegget. Det må og etablerast eit tettare samarbeid mellom eigar og driftselskap.

Rådmann og ordførar har møterett på styremøte. Det bør utvidast til å gjelde tenesteleiarane for eigedomsavdelinga og kulturavdelinga. Det bør frå selskapet si side rapporterast minimum 1 gang pr. halvår til formannskapet.

Det er fleire moglegheiter for å fordele ansvar mellom eigar og driftselskap. I eine enden kan vi overlate alt av drift, vedlikehald og investering til driftselskapet. Skulle vi følgd gjeldane avtale er det slik det er no. Det har ikkje vore praksis dei seinare åra. Det andre ytterpunktet er at driftselskapet bare styrer med arrangement og utleige av anlegget. Då vil alt av vedlikehald, reinhald og investering vere lagt til kommunen som eigar.

Vidare i saksutgreiinga er det skissert opp kva som skal til for å få selskapet på rett kjøp og ei form for drift som vi tenkjer er fornuftig. Det kan vere trong for ei innkøyringsperiode for å gjere nokre erfaringar. Stillingstørrelsar på tilsette bør vurderast ut frå kor mykje ansvar som skal ligge på driftselskapet. Dette må gjerast av styret i selskapet. Størrelse på styre bør vurderast ut frå kva ansvar selskapet skal ha.

Til grunn ligg for vurderingane ligg den økonomiske situasjonen som selskapet er i og driftsresultat frå dei siste åra og spesielt 2012.

Husleige

Driftsresultat dei siste åra tilseier at vi ikkje kan forvente at selskapet skal vere i stand til å betaler husleige til Vågsøy kommune. Det var ikkje budsjettert med husleige i 2013. Husleige skal ikkje betalast av driftselskapet i framtida. Eventuelt framtidig overskot i selskapet skal tilbakeførast til kommunen.

Eigenkapital

Pr. 31.12.12 hadde selskapet ein negativ eigenkapital på 303 000 kroner. Behovet er omlag 550.000 for at eigenkapitalen skal bringast tilbake til kroner 250.000 som er kravet i aksjelova

Det er ikkje realistisk at ND skal klare å tilbakebetale det rentefrie lånet frå 2010 med restsaldo på kr. 220.000. Lånet bør gjerast om til tilskot. Selskapets eigenkapital er tapt og eigar må inn med 330 000 kroner.

Kommunal driftstøtte

Tal frå 2012 viser selskapet gjekk med 216 000 kroner i underskot. Selskapet fekk og eit tilskot på 250 000 kroner. I tillegg viser tal frå eigedomsavdelinga at dei brukte 202 000 kroner på Nordfjordhallen i 2012. Legg vi desse tala til grunn for vidare drift må kommunen inn med eit tilskot på om lag 650 000 kroner årleg, dersom det ikkje er forventa at kommunen ved eigedomsavdelinga skal utføre vedlikehald. Alternativt må nokre oppgåver takast ut av driftselskapet og leggst på kommunen si eigedomsavdeling. Eigenkapitalen må då styrkast.

Signal frå styret er at 2012 var eit spesielt år, men at dei i ei periode har behov for å få tilført kommunal driftstøtte. Dette tilskotet må sjåast i samanheng med kva oppgåvers om skal utførast av eigar og kva driftselskapet skal gjere.

Vedlikehald

For å oppretthalde kvaliteten på bygget er det anbefalt å sette av 100 kr. pr. kvadratmeter til vedlikehald. Nordfjordhallen er omlag 8 500 kvadratmeter stor og det betyr at behovet for vedlikehald årleg er på 850 000 kroner. Med dagens kommuneøkonomi er det ikkje realistisk at vi kan legge oss på det nivået. ND bør ha eigen vaktmeisterteneste som tek seg av den «daglege» drifta. Det er behov for å ha ei fleksibel vaktmesterteneste som kan tilpasse seg aktiviteten i bygget og som kjenner bygget.

Eigedomsavdelinga i Vågsøy kommune kan ta på seg vedlikehald innanfor nokre områder som til dømes elektrisk, rør, ventilasjon, brann, låsesystem, maskiner og utstyr. Dette for å sikre at leigeavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune vert oppretthaldt. Eigedomsavdelinga må budsjettere med utgifter på dette og må dermed styrkast. Eigedomsavdelinga har tidlegare budsjettert med om lag 50 000 -100 000 kroner til Nordfjordhallen. Dette bør ut frå siste års rekneskap aukast til 250 000 kroner.

Vi må gjere oss nokre erfaringar og det må lagast ei avtale mellom eigedomsavdelinga og driftselskapet som fordelar ansvar.

Driftsselskapet kan nytte seg kommunen si innkjøpsordning så lagt det er mogleg.

Reinhald

Selskapet har 2 tilsette i totalt 1,4 årsverk på reinhald i tillegg leiger ein inn 20 % frå eigedomsavdelinga.

For å redusere driftsutgiftene i selskapet kan det vurderast om alt av utgifter til reinhaldet skal overtakast av eigedomsavdelinga i kommunen. Vågsøy kommune v/eigedomsavdelinga tek då over ansvaret for dei tilsette. Budsjettet på eigedomsavdelinga må styrkast med om lag 750 000 kroner. Tala er basert på regnskapstal på reinhald frå driftselskapet. Om det er innsparingar i forhold til ei omorganisering er det ikkje gjort ei vurdering av. Driftsselskapet må ha et tett samarbeid med reinhaldsleiar i samband med arrangement i helga og i høgtider.

Eit anna alternativet er at reinhald vert utført som før av driftselskapet og det er driftselskapet som vurderer nivået på dette. Reinhald kan sjåast på som ei naturleg del av drifta av bygget og bør såleis ligge til driftselskapet. Reinhaldarane som er der har eit eigarforhold til anlegget og er fleksible i forhold til å stille opp under arrangement og i forhold til arbeidstid. Dagens reinhaldarar vert og brukt til andre ting, som til dømes billettsal, vakter og liknande.

Eit siste alternativ er at driftselskapet kjøper reinhaldsteneste med eigedomsavdelinga ut frå behov. Aktivitetsnivået i Nordfjordhallen og Samfunnshallen er veldig varierende og ved å kjøpe tenester kan ein justere reinhaldsutgiftene i forhold til aktivitetsnivået. I periodar er det mykje aktivitet innan kultur, idrett og skule, medan det i andre periodar bare er aktivitet som er relatert til skule. Om sommaren er det lite aktivitet i heile anlegget. I denne perioden vert det no utført boning og nedvask av ulike areal.

Investeringar

Selskapet har ikkje vore i stand til å gjere større investeringar. Vågsøy kommune v/eigedomsavdelinga utfører alle nye investeringar i samarbeid med driftsselskapet. Dette må innarbeidast i den kommunale investeringsplanen. Det må lagast rutinar for innmelding av investeringsbehov i forhold til den kommunale budsjettprosessen. Eventuelt overskot i selskapet skal gå inn som finansiering av investeringsprosjekt.

Andre driftskostnader

Det er behov for ein gjennomgang av innsparingsmoglegheiter som kan gjerast. Til dømes kan det vere noko å spare på å få bruke kommunen sine innkjøpsavtaler. Utgifter til forsikring ligg og på driftselskapet. Dette bør vurderast å flytte til kommunen. Det vil ikkje gje noko reell innsparing då ein bare flyttar utgifta, men redusere utgiftene til driftselskapet og auke kommunen sine utgifter.

For å oppfylle aksjelovas krav og for å få ei god drift av selskapet Nordfjordhallen Drift AS foreslår rådmannen følgjande tiltak:

Samarbeid

- Tenesteleiar kultur og tenesteleiar for eigedomsavdelinga har møterett på styremøte for å få eit tettare samarbeid mellom eigar og driftselskap.
- Det skal rapporterast minimum ein gong pr. halvår til formannskapet av styreleiar og /eller dagleg leiar.

Eigenkapital

- Lån frå 2010 med restsaldo på 220.000 kroner vert konvertert til tilskot.
- Vågsøy kommune tilfører selskapet 330 000 kroner for å tilfredsstillе aksjelovens vilkår. Ny aksjekapital blir på 250 000 kroner. Tilskotet blir over ramme på kultur.

Investering

- Administrasjonen utarbeidar rutinar for innmelding av investeringsbehov.

Drift (vedlikehald/reinhald)

- Det vert sett av 250 000 kroner på eigedomsavdelinga sitt budsjett til vedlikehald av Nordfjordhallen. Eigedomsavdelinga blir styrka med 150 000 kroner.
- Det vert setta av 200 000 kroner i tilskot i 2014 til Nordfjordhallen. Vidare tilskot må Nordfjordhallen søkje på i Vågsøy kommune sin budsjettprosess.
- Nordfjordhallen drift leiger reinhald av eigedomsavdelinga.
- Administrasjonen utarbeidar avtale mellom Vågsøy kommune og Nordfjordhallen Drift som regulerer ansvaret for vedlikehald.
- Administrasjonen ser på om det er mogleg å gjere innsparingar ved å la Nordfjordhallen drift bruke den kommunale innkjøpsordninga dersom det er mogleg/loveleg.
- Eventuelt overskot i selskapet skal vere eigenkapital til investeringar.
- Overskot over 200 000 kroner skal tilbakeførast til kommunen.
- Styret i Nordfjordhallen drift reduserast til 5 faste medlemmar og 2 varamedlemmar.

Konsekvensar for det kommunale budsjettet:

Fråfall husleigeinntekter: 300.000

Eingongsutgift:

Tilskot for å styrke eigenkapitalen:	330.000
Konvertering av rentefritt lån til tilskot:	220.000
SUM:	550.000

Årlege driftsutgifter

Årleg driftstilskot:	200.000	
Økte vedlikehaldsutgifter eigedomsavdeling:	150.000	
Lønnskostander reinhald:	0	(leigast ut til sjølvkost)
SUM:	350.000	

Vedlegg:

Dok.nr
100298
103440
126483
126491
126494

Tittel på vedlegg

Nordfjordhallen Drift AS - styrets redegjørelse etter aksjelovens § 3-5
Nordfjordhallen drift as regnskapsresultat 2001 - 2011
Vedlikeholdsplan revidert oktober 2013
Innkalling til generalforsamling 13.06.13 med årsberetning 2012
Regnskapsrapport 07-09 2013



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	28.11.2013	103/13

Endeleg vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 13/1605	Saksansvarleg: Sigmund Larsen
------------------------------------	-------------------------	----------------------------------

Konsesjon gbnr. 131/6

Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommune gjev Rune Berg og Katrine Nesheim konsesjon på gbnr.131/6, Kvalheim, med vilkår om at familien busett seg på garden innan eit år.

28.11.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-103/13

Vedtak:

Vågsøy kommune gjev Rune Berg og Katrine Nesheim konsesjon på gbnr.131/6, Kvalheim, med vilkår om at familien busett seg på garden innan eit år.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument


Konsesjonslova

Bakgrunn for saka

Rune Berg og Katrine Nesheim, Raudeberg, søker om konsesjon på gbnr. 131/6, Kvalheim

Saksopplysningar / fakta

Totalarealet er på 168,8da, derav 20,3da fulldyrka og resten jorddekt fastmark. Det fulldyrka arealet har vore slått av nabo, og er i bra stand. Resten av arealet er lyngkledd fastmark som ikkje har vore i drift på lang tid. Gjerdene er i dårleg forfatning.



Det har ikkje vore drift med husdyr på lang tid.

Driftsbygningen er bygd som grindbygg, og lite tenleg etter krava i dag til rasjonell drift med husdyr.

Våningshuset har dei seinare åra vore brukt til fritidsformål. Huset er i bra stand, men må renoverast ein del før overtaking til heilårsbustad.

Kjøparar, Rune Berg og Katrine Nesheim, bur for tida i Refvik, med tre små born. Eit ønske om litt meir armslag, jakt og interessa for å flytter tilbake til heimbygda, er hovudgrunnen til kjøpet av gbnr.131/6.

Familien vil halde fram med å leige ut slåttearealet til nabo.

Prisen på bruket er kr. 1 450 000,-

Vurdering / konsekvensar

Prisen på bruket er akseptabel.

Landbruksaktiviteten på Kvalheim har i lengre tid vore inne i ein negativ trend. Det hadde derfor vore ønskeleg med litt meir aktiv landbruksdrift på omsøkte gard. Ressursane på garden er imidlertid avgrensa, og det skal større investeringar til for å få ei inntekt av betydning på ei eventuell drift.

For Kvalheim og Vågsøy kommune er det viktig at det kjem liv i husa. Rådmannen rår difor til at dei får konsesjon.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
126076	Søknad om konsesjon gbnr. 131/6
126077	Kart / arealstatestikk
126078	Verdi- og lånetakst gbnr. 131/6
126079	Skjøte

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

1 | 11.11.2013 | Advokatfirmaet Holvik & Angelshaug AS | Søknad om konsesjon gbnr. 131/6



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsråd	20.11.2013	
Eldrerådet	25.11.2013	020/13
Råd for funksjonshemmede	25.11.2013	019/13
Helse-og omsorgsutvalg	25.11.2013	044/13
Oppvekst- og kulturutvalg	26.11.2013	067/13
Formannskap	28.11.2013	104/13
Kommunestyre	12.12.2013	

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/1091	Saksansvarlig: Norvall Bakke
---	--------------------------------	--

Økonomiplan 2014 - 2017 og årsbudsjett 2014 Del 2 Handlingsdelen til kommuneplanen 2014 - 2017

Rådmannens innstilling

Kommunestyret godkjenner rådmannens fremlegg til årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014 – 2017.

25.11.2013 Helse- og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen og økonomisjef Norvall Bakke orienterte, og svarte på spørsmål fra Helse- og omsorgsutvalget.

Et omforent Helse- og omsorgsutvalg fremmet følgende kommentar til ØKP 2014-2017 Utkast til ulike tiltak, PRO 5 Tilskudd ASVO:

«Helse- og omsorgsutvalet føreset at reduksjonen i tilskotet til ASVO ikkje fører til reduksjon i talet på vta-plassar».

Et omforent Helse- og omsorgsutvalg fremmet følgende kommentar til ØKP 2014-2017 Utkast til ulike tiltak, NAV 1 Organisering NAV Vågsøy:

«Helse- og omsorgsutvalet føreset at reduksjonen av stillingar på NAV ikkje einssidig går ut over arbeidet på rusfeltet».

Et omforent Helse- og omsorgsutvalg fremmet følgende bekymringsmelding:

«Helse- og omsorgsutvalet vil peike på at budsjettet innan utvalet sine arbeidsområde er svært stramt».

Votering

Det ble først votert over kommentar fra et omforent Helse- og omsorgsutvalg til ØKP 2014-2017 Utkast til ulike tiltak, PRO 5 Tilskudd ASVO. Dette ble enstemmig vedtatt.

Det ble deretter votert over kommentar fra et omforent Helse- og omsorgsutvalg til ØKP 2014-2017 Utkast til ulike tiltak, NAV 1 Organisering NAV Vågsøy. Dette ble enstemmig vedtatt.

Det ble så votert over Økonomiplanen for eget område med en bekymringsmelding om økonomien innen utvalgets ansvarsområde. Dette ble enstemmig vedtatt.

Det ble til slutt votert over rådmannens innstilling inkludert kommentarer og bekymringsmelding fra Helse- og omsorgsutvalget. Dette ble enstemmig vedtatt.

HS-044/13

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rådmannens fremlegg til årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014 – 2017.

Kommentar til ØKP 2014-2017 Utkast til ulike tiltak, PRO 5 Tilskudd ASVO:

Helse- og omsorgsutvalet føreset at reduksjonen i tilskotet til ASVO ikkje fører til reduksjon i talet på vta-plassar.

Kommentar til ØKP 2014-2017 Utkast til ulike tiltak, NAV 1 Organisering NAV Vågsøy:

Helse- og omsorgsutvalet føreset at reduksjonen av stillingar på NAV ikkje einsidig går ut over arbeidet på rusfeltet.

Bekymringsmelding om økonomien innen utvalgets ansvarsområde:

Helse- og omsorgsutvalet vil peike på at budsjettet innan utvalet sine arbeidsområde er svært stramt.

